

KYRKJEBLAD

FOR LEVELD, TORPO OG ÅL SOKN

Meir himmel på jorda



Konfirmentane på tur 2025. Foto: Torbjørn Skarpås

ANDAKT 2 • GEIR WIKNES 3 • LINE BAKKE 4 • TRUSOPPLÆRING 5 • KONFIRMANTTUR 6 • LEIARKURS FOR UNGE 6
VI GÅR I KYRKJA 7 • KONFIRMANTAR 7 • VÅRVON 100 ÅR 8 • MINNELUND 8

ÅL KYRKJEKONTOR

Opningstid kontor

tysd-fredag 08.30-14.00.
Tlf: 907 13 766
post.aal@kyrkja.no
www.aal.kyrkja.no

Kyrkjevevje - fram til 1. august

Anne Gerd Jorde
aj827@kyrkja.no tlf 971 58 134

Prost

Camilla Osnes
co689@kyrkja.no tlf 977 15 677
Permisjon frå 1. juli. Setteprost
Kristoffer Lønning Tørresen
kt846@kyrkja.no tlf 975 41 407

Sokneprest - fram til 1. august

Geir Wiknes
gw255@kyrkja.no tlf 971 31 441

Vikarprest

Sigmund B. Kruse
sigmund@krusegutt.no tlf 901 28 393

Sekretærar

Elin Etterlid Tveito
et429@kyrkja.no tlf 478 84 770

Guro Stave

gs595@kyrkja.no tlf 908 58 066

Kyrkjetenarar

Håkon Tveito
ht337@kyrkja.no tlf 995 74 033

Tom Vidar Myrestøl

tvmyres@hotmail.com tlf 906 66 497

Morten Storhaug

mortenstorhaug@gmail.com
tlf 976 36 904

Organist/musikarar

Vemund Olav Aukrust
va358@kyrkja.no tlf 907 05 181

Ingunn Stræte

is879@kyrkja.no tlf 997 21 108

Håkon Tveito

ht337@kyrkja.no tlf 995 74 033

Diakon - fram til 1. juli

Line Bakke
lb427@kyrkja.no tlf 928 50 434

Kyrkjelydspedagog

Gina Ingeborg Hagen
gh665@kyrkja.no tlf 918 51 507

Reinhaldar

Kamila Socha
kamilkaa79@gmail.com tlf 405 73 131

Soknerådsleiar

Frøydis Stoveland Dekko
froydisstoveland.dekko@bufetat.no
tlf 992 87 892

Fellesrådsleiar

Anne Kjersti Frøyen
akfroyen@gmail.com tlf 901 33 806

Kyrkjebladet for Leveld, Torpo og Ål sokn

Redaksjonen:
Elin Etterlid Tveito,
Inger Elise Kaslegard,
Anne Gerd Jorde
Produksjon: Grafisk avd. Hallingdølen
Trykk: Trykk Service AS

Lyset gjennom sprekkene

SOKNEPREST Geir Wiknes



VÅR OG SUMAR står for døra. Endeleg varmar sola godt, og det er på ny tid for å prøve ut årets nyheiter i is-disken. Og ikkje berre det, vi går inn i ei tid der det norske flagget blir heist ei rekkje dagar i løpet av kort tid. Det er mange offisielle flaggdagar i Noreg i løpet av vel ein månad om våren. For nokre er heising av flagget ei høgtidssam handling i seg sjølv. For mange gjev det ei god kjensle å sjå at flagget vaiar i vinden øvst i flaggstonga. Då eg gjekk på barneskulen lærte alle at flagget vi hadde i handa skulle viftast med medan vi ropte HURRA! Og la vi det ned mot bakken var formaningane klar: vi soper ikkje bakken med det norske flagget!

FLAGGET VÅRT symboliserer viktige ting for oss. Det handlar om historia, om minner, om identitet; kven vi er. Vi deler det med alle dei andre i landet, og vi eig det saman. Flagget er felleseige. På same måten kyrkja vår er felleseige. Vi eig ho saman. Og kyrkja representerer eit mangfald av verdjar for kvar og ein av oss. For enkelte er kyrkja fyrst og fremst ein stille-stad der ein får samla tankane. For andre ein stad for vakker musikk. Mange opplever at kyrkja gjev ein retning for livet. Kyrkja er alt dette, og mykje meir. I vår- og sumarmånadane har


veldig mange et kyrkjebesøk eller fleir. Årets bryllaupssesong og konfirmasjonar samlar også mange av oss til ein stor festdag i kyrkja.

NÅR FLAGGET ER heist, kyrkjebenkane fyllest og kyrkjeklokkene ringer til høgtid og fellesskap, er det også noko anna som skjer. Når vi møtest, vert det skapt ein heilagstad. Ein heilagstad er der håp og lengslar frå kvar og ein kan koma til uttrykk. Det er der våre gleder og nederlag utfyller kvarandre og der spørsmåla er like viktige som svara.

HEILAGSTADEN. Det er her vi blir utfordra. Fordi mangfaldet vårt er heilagt. Ulikskapar mellom oss kan skape, og gjer oss rikare. Kvar og ein av oss trengs for å skapa ein slik Heilagstad. Det handlar om å sjå kvarandre som meir enn den andre, en framand, men sjå Gud i kvarandre. For her minnest du om at du er sett og elska av Gud.

KYRKJA ER ein heilagstad som vert til av at vi kjem saman med alt vi ber på. Korkje flagget eller kyrkja høyrer til nokon få. Alle må med for at det kan bli felleseige. Eg er glad for at desse to tinga har ein nærleik til kvarandre. Livet vårt har ein større samanheng, og høyrer til eit fellesskap. Vi får identitet frå det vi har felles og det som er ulikt. Difor er flagg og kyrkje noko som både understreker fellesskap og ulikheit, og tydeleg seier til alle: her høyrer du til!

*Med varm
sumarhelsing!*



Den blomstertid nå kommer
med lyst og glede stor,
den kjære, lyse sommer
da gress og grøde gror.
Nå rører solens armer
ved alt som før var dødt,
de blide stråler varmer,
og alt på ny blir født.

Salme 841 vers 1



Foto: Karoline Almås Sørensen

Geir Wiknes

Kyrkjebladet har stilt nokre spørsmål på tampen av tenesta hans her i Ål.

Geir, du har vore prest i Ål i 3 ½ år. Du har kjøpt hus her og vi trudde og håpa at du ville bli hos oss i mange, mange år!

Så kva er planen vidare no?

- Eg har vore prest både i Gudbrandsdalen og Østerdalen før eg kom til Hallingdal. No går turen til Valdres. Eg trivst som ein kanskje skjønner, godt i innlands-dalane. Eg har ikkje nokon konkrete framtidsplanar utover at eg ynskjer å halde fram med å vere prest for folk og prøve å bidra til at kyrkja kan vere ein god stad å høyre til.

Kva sit du att med etter tida i Ål?

- Etter tre og eit halvt år som prest i Ål, er inntrykka mange. Eg kom i det same dei siste pandemirestriksjonane vart oppheva, og vi prøvde å finne attende til ein ny normal der mykje var som vi kjente frå før, medan noko var endra. Mange born og unge hadde ofra mykje og mista enno meir i åra med restriksjonar og pandemi. Mange hadde funne

nye måtar å vere saman på. Det var fint å opne kyrkjedører igjen utan krav om namneregistrering, påmelding eller avstand. Det var fint å snakke saman om at vi greidde det godt. Etter kvart har det vore ein del fine møte, stunder vi har kjent på takksemd eller maktesløyse. Eg er takksam for at mange har sloppe meg inn som gjest i liva sine medan dei tunge stundene har meldt seg. Og eg er glad for at vi har opna latterdørene saman i konfirmasjonar og bryllaup.

Er det noko som kunne vore betre?

- Ting som kunne vore annleis, tenkjer eg for min del ikkje handlar om folket som bur her. Men eg har kjent på at det har vore midlertidigheit i kollegiet og sakna forutsigbar og stabil kollega i prostiprest-stillinga. Og eg har og kjent på litt utolmod for å utvikle og utvide gudstenestelivet litt. Men med dei grepa som er gjort, både i kraft av at eg har brukt meg sjølv og at eg har vore litt «ulydig» så er eg glad for at vi har fått til mykje bra på den fronten.

Er det noko du vil sakne?

- Eg har fått lov å jobbe med mange dyktige og dedikerte kollegaer i kyrkja i Leveld, Torpo og Ål, og elles i Hallingdal. Det er og har vore ei stor glede, og det kan eg kjenne at eg nok kan sakne. Det

har vore ei rekke gyldne augneblinkar, og det er uråd å liste dei opp utan å gløyme heilt sentrale hendingar. Men ettersom eg har levd og budd på Ål og vorte ein del av «oss» her, så kjenner eg på eit vemod over at det skal ta slutt.

Er det noko du er glad for å ha fått til?

- Eg vil nemne at det var gledeleg at soknerådet stilte seg bak initiativet om å halde ei felles Regnbogemesse i Ål kyrkje for heile Hallingdal. Då den fyrste messa vart halden i 2022 var eg litt uroleg om me kom til å bli åleine i kyrkja, men så glad at mange fann vegen, frå heile dalen. Då me lukkast å få det til også i 2023 og 2024, var det tydeleg for meg at det både for dei som kom, og mange som ikkje kom, så tydde dette uendeleg mykje. Kort sagt: Det vi gjer i kyrkja har ofte store verknader utanfor og når mykje lenger enn ein ser ved fyrste augnekast.

Til slutt?

- Eg tek med meg mange gode minne og ber med meg mange menneske i hjartet vidare frå tida som sokneprest i Ål. Takk for turen!

Takk for praten Geir og lukke til i din vidare gjerning. Du er ein å bli glad i og du skal vite at du blir sakna.

Inger Elise Kaslegard



Foto: Caroline Bækkelund Hauge.

Line Bakke

Takk for alle de gode samtalene!

Diakon Line Bakke begynte her i 2024, men starter nå et nytt kapittel tilbake til røttene sine i Oslo nå i sommer. Der skal hun være en diakonal brobygger mellom kirken og lokalsamfunnet i Fagerborg menighet.

Hva sitter du igjen med fra tiden i Ål?

- Den store tragedien på Torpo påsken 2024 gjorde noe med hele lokalsamfunnet, men som diakon ble det ekstra sterkt å stå i. Det gjorde veldig dypt inntrykk og er erfaringer fra krisearbeid som jeg kommer til å ha med meg gjennom resten av livet. Hver gang vi møter noen så speiler vi hverandre og får en liten bit av den andres livshistorie. Jeg tenker fortsatt mye på hvert enkelt familiemedlem i denne tragedien som skal finne ny mening og håp med livene sine, mens resten av lokalsamfunnet har gått videre. Alle disse møtene og samtalene som jeg har hatt her i Ål er noe som har plantet seg i hjertet mitt og som alltid vil være med meg videre. Ellers synes jeg all den fantastiske frivillige innsatsen vi

har her i de ulike soknene har vært helt unik. Hver enkelt av de frivillige utgjør et kunstverk- en mosaikk som er helt avgjørende for at diakonien i kirken skal kunne være i vekst.

Hva kommer du til å savne?

- Først og fremst alle de nydelige bekjentskapene jeg har fått både i sorggruppa som jeg har ledet, formiddagsjengen, fellesskapet i «vaffel og svall» og ikke minst alle de flotte frivillige som jeg har fått bli kjent med. Jeg kommer også til å savne nærheten til fjellet og den fantastisk flotte bruktbuikken vi har her i Ål. Jeg dro på en ferietur til døvesenteret i Kenya tidligere i år og ble godt kjent med hva pengene fra bruktbuikken går til. En ubeskrivelig drømmetur med Marit Kolstadbråten som startet bruktbuikken. En gang i året arrangeres det tur til «Deaf Aid Isinya» noe jeg vil anbefale på det varmeste.

Hva er du mest stolt over å ha fått til?

- Oppstarten til kveldsFOKUS- et tverrkirkelig samarbeid med Normisjonen. En ny møteplass hvor folk kan komme med alt de bærer på og vil takke for. Et sted med rom for den gode samtalen mellom Gud og til hverandre. Gjennom ulike bønnestasjoner har det vært rom

til å hvile og bli omsluttet av noe som er større enn oss selv. Det er så viktig å kunne ha et møtested med enkel liturgi hvor vi kan legge livet vårt inn i, for ingenting er for stort eller for lite til å kunne legge fra seg i Guds hender. For eksempel det å kunne sette ord på en bønnelapp som blir bedt for i fellesskap og deretter bli brent i en bålpanne ute, eller å legge en stein fra seg på alteret, som et synlig tegn på at Gud ser det vi bærer på.

Hvilke planer har du videre?

- Jeg ser fram til mer tid med foreldrene mine som jeg er veldig glad i. Ellers ser jeg fram til å tilrettelegge for møteplasser der folk finner sin egen heiagjeng. Gleder meg derfor til å bli en medvandrer i folks liv sammen med resten av Fagerborglaget i Oslo.

Har du en hilsen til Ålingene?

- Absolutt! Jeg vil takke så mye for alle jeg har fått møte. Det har blitt mange samtaler som jeg kommer til å varme meg på mens jeg fortsetter min tjeneste i Oslo. Husk at hver enkelt av dere er verdifulle, at dere er elskbare og unike. Varme og gode tanker og bønner til dere alle. Jeg heier på dere i det viktige diakonale engasjementet deres videre!

Full fart på tårnagenthelg!

Helga 8.-9.februar var det Tårnagent i Ål kyrkje. Invitasjonane hadde gått ut til alle døypte 2.og 3.klassingar i kommunen, men arrangementet var ope for alle i aldersgruppa. Nokre spente gitar og jenter møtte oss i våpenhuset midt på dagen laurdag. Her måtte me sjølvsgagt ordne slik at alle fekk kvar sitt agentkort. Me testa korleis det er å ta fingeravtrykk og leika litt for å bli kjent. Mange hadde med seg agentutstyr som forstørringsglas og lommelykt. Me var klare for å undersøke Ål kyrkje!

Me skulle jobbe i gruppe litt av dagen, og då måtte me trene litt på å samarbeide. Derfor fekk gruppene ei samarbeidsøving fyrst. Oppgåva var å bygge eit tårn av spagetti og marsmallows, det skulle skje på tid og tårnet skulle bli høgast mogleg. Ei ganske vanskeleg oppgåve, som barna løyste elegant saman!

Deretter måtte sjølvsgagt tårnagentane opp i kyrkjetårnet, der kyrkjetenar Håkon Tveito fortalde om kyrkjetårnet og klokkene. Det var spanande og kanskje litt skummelt å gå heilt opp i tårnet, men alle hadde lyst til å utforske.

Ungdomsleiarane Karoline Fluto og Mari Arnegard Berg hadde førebudd ei skattejakt med spor og oppgåver som måtte løysast for å finne skatten. Dei fann skattekista, som var full av kjærleik på pinne, det var populært.



Foto: Gina Ingeborg Hagen

Agentar blir også svoltne, så me var heldige som fekk servert pizza og saft. På søndag møtte agentane i kyrkjestugu. Me øvde på songane me skulle synge, og så laga mange seg eit armband. Det var god stemning og bra frammøte på gudstenesta. Tårnagent-

barna deltok med song, og stod framme som eit kor. Kjempefint initiativ frå barna sjølve!

Elles deltok dei i prosisjon og med lystenning. Ei veldig artig helg i Ål kyrkje med høgt tempo og flotte barn!

Ål barnegospel

Karoline Tveito tok i vinter initiativ til å starte opp eit barnekor. Øvingane har vore i Ål kyrkje på torsdagar klokka 17, rett etter SuperTorsdagmiddagen. Karoline er musikalsk leiar for koret, organist Vemund Olav Aukrust har akkompagnert på piano og Hanne Thorset har vore medhjelpar. Fleire born har vore innoom på øvingane i Ål kyrkje desse månadane, for det er jo ikkje så lett å vite kva kor er for noko, og då må ein jo teste det ut. Ein kjerne av faste koristar har det blitt, og dei hadde ein opptreden på SuperTorsdag 8. mai der dei song for dei mange frammøtte på middagen.

Barnekoret byrjar med øvingar att i september, og det er plass til fleire born å bli med då! Så veit du om nokon som kanskje kunne ha lyst til å synge i barnegospelkoret og er over 4 år, så tips dei om tilbodet!

SuperTorsdag og feiring av frigjeringsdagen

8. mai samla det seg små og store på kyrkjebakken til vårens siste supertorsdag måltid. Det vart servert pølser, saft, kake og kaffi. Og heile 70 personar var innoom til ein flott ettermiddag. Barnekoret hadde flott sang på trappa på Kyrkjestugu. Tusen takk til alle som kom, takk til dykk som stod for baking og hjelp på kjøkkenet. Det vart ein flott dag! Elles vil eg takke for alle dei torsdagane eg har fått lage middag til så mange folk. Gjennomsnitt er det ca 35 stk til middag kvar torsdag. Det er gøy!

Oppstart med SuperTorsdag frå hausten er 4. september. Middagen blir sett fram kl. 16.00 og blir avslutta kl.17.30. Eit måltid kostar 40 kr pr pers og for ein familie på 4+ kostar det 150 kr.

Glimt frå konfirmant-tur til Bergen

Helga 28.- 30. mars var konfirmantane på tur til Bergen.

Fredag ettermiddag tok me toget til Bergen, forventningsfulle og glade. Laurdag var det fullt program med besøk på mange attraksjonar i Bergen sentrum. Me var på Bryggens museum, Rosenkrantzårnet og Håkons-hallen. Sjølv sagt måtte me ta ein tur med Fløibanen.

Me fekk ei eksklusiv omvising inne i den flotte Mariakyrkja, der me til og med fekk sjå dei opne det spesielle gullforgylte alterskåpet. Mariakyrkja er heilt spesielt flott utsmykka, så den tok nok pusten frå dei fleste. Mariakyrkja er den eldste soknekyrkja i byen og samtidig den eldste bevarte bygningen i Bergen. Den ligg bak Bryggen og er absolutt verdtt eitt besøk – eller fleire!

På søndag var me på gudsteneste i sjølvaste Bergen domkyrkje. Presten var den same som hadde guida oss i Mariakyrkja dagen før, og han ville gjerne ha hjelp av konfirmantministrantar frå Ål. Slik gjekk det til at Signe Seterdal, Aurora Ekstø og Knut Teigen Mølster hjelpte til i Bergen domkyrkje.

Etter gudstenesta hadde me tid til eit siste museumsbesøk. Mange valde då å besøke Naturhistorisk museum, og ein gjeng besøkte Bergenhus festningsmuseum. Ein sliten gjeng tok toget heim etter ei innhaldsrik og fin helg i Bergen.



Foto: Gina Ingeborg Hagen

MiLK (MiniLeiarKurs) 2024-2025

Dette skuleåret har to flotte 10. klassingar tatt leiar kurs i regi av kyrkja. Ansvarlege for kurset har vore sokneprest Geir Wiknes og kyrkjelydspedagog Gina Ingeborg Hagen. På leiar kurset har dei lært meir om å vera leiar for andre, meir om kyrkja og meir om seg sjølv. Mari Arnegard Berg og Karoline Fluto har også praktisert som leiarar på for eksempel juleverkstad og tårnagent-helg. Flinke, initiativrike jenter som me håpar å sjå meir til!

Dei to jentene skriv dette om korleis det har vore å delta på kurset:
«Det var eit veldig lærerikt kurs med

mange fine opplevingar. Var veldig gøy at det var praktiske situasjonar der vi kunne bruke det vi hadde lært og fekk lov å vere leiarar. Vi synest det beste var Tårnagent der vi fekk lov å lage aktivitetar til barna og sjå dei gjennomføre dei gjennom heile helga. Vi vil anbefale dette kurset til alle som er konfirmantar. Dette er eit kurs som alle kan finne plassen sin og kven du er som leiar».

Nytt Milk-kurs er under planlegging, og årets konfirmantar vil få tilbod om å gå på leiar kurs neste skuleår. Følg med på heimesida til kyrkja for meir informasjon og påmelding.

VI GÅR I KYRKJA

JUNI

Søndag 1. juni
KI 11.00 Ål kyrkje
Folkemusikkmesse
50-årskonfirmantar

Laurdag 7. juni

KI 11.00 Ål kyrkje
Konfirmasjon
KI 13.00 Ål kyrkje
Konfirmasjon

Søndag 8. juni

KI 11.00 Leveld kyrkje
Høgtidsgudsteneste 1.
pinsedag

Måndag 9. juni

KI 17.00 Ål kyrkje
Barnas pinsedag –
Kyrkja sin bursdag

Søndag 15. juni

KI 11.00 Ål kyrkje
Gudsteneste.
Eldres kyrkjесøndag

Søndag 22. juni

KI 11.00 Ål kyrkje.
Avskjedsgudsteneste for
Geir Wiknes

Søndag 29. juni

KI 11.00 Torpo kyrkje
Sumargudsteneste

JULI

Søndag 6. juli

KI 11.00 Ål bygdemuseum
Sumargudsteneste

Søndag 13. juli

KI 19.00 Ål kyrkje
Sumargudsteneste

Søndag 27. juli

KI 11.00 Vats fjellkyrkje
Gudsteneste

KI 18.00 Nystølkyrkje
Olsokmesse

Tysdag 29. juli

KI 18.00 Torpo Stavkyrkje
Olsokmesse

AUGUST

Søndag 3. august
KI 11.00 Ål kyrkje
Sumargudsteneste

Søndag 10. august

KI 13.00 Sangefjell naturkatedral
Gudsteneste

Søndag 17. august

KI 11.00 Torpo kyrkje
Gudsteneste

Søndag 24. august

KI 11.00 Ål kyrkje
Gudsteneste

Søndag 31. august

KI 11.00 Leveld kyrkje
Gudsteneste

SEPTEMBER

Søndag 7. september

KI 11.00 Ål kyrkje
Gudsteneste

Søndag 14. september

KI 11.00 Torpo kyrkje
Gudsteneste

KI 14.00 Leveld kyrkje

Gudsteneste

Søndag 21. september

KI 11.00 Ål kyrkje
Gudsteneste

Søndag 28. september

KI 19.00 Ål kyrkje
Gudsteneste – Heilt enkelt

Med atterhald om endring.

DØYPTE

LEVELD KYRKJE

Fridtjof Veslegard 13.04.2025

VATS

Hedvik Olin Langegard
23.02.2025

ÅL KYRKJE

Vetle Johnsrud Brattegard
14.02.2025
Thuva Bø 19.04.2025
Markus Thoen Bøen 20.04.2025

VIGDE

ÅL KYRKJE

Olav Skråmestø og Betina Mariannedotter
Gullhagen 31.05.2025

DØDE

LEVELD KYRKJE

Solveig Berg f:1926 d:12.02.2025
Borghild Havarsgard f:1937 d: 16.02.2025
Björg Lappgard f:1946 d: 21.02.2025

TORPO KYRKJE

Hildegunn Jordet f:1953 d: 31.01.2025
Helga O. Bråten f:1927 d: 10.05.2025

ÅL KYRKJE

Bente Hansen Holeplass f:1955 d:29.01.2025
Margrete Haugen f:1939 d: 20.02.2025
Bergljot Tveito Hagen f:1929 d: 28.02.2025
Torgunn Tveito f: 1924 d: 23.03.2025

KONFIRMERTE VÅREN 2025

TORPO KYRKJE 24. MAI

Markus Ekrene Fluto
Torkjell Røer Halvorsen

ÅL KYRKJE 25. MAI

Aurora Ekstø
Fabian Tormodsgard Røv
Kent Samoire Herheim
Knut Teigen Mølster
Linnea Dokk Hofstad
Sofie Hanssen Moen
Maiken Flage
Isak Svanaasen Joranger

ÅL KYRKJE 7. JUNI

Anine Hovdegard
Aurora Skarpås
Frida Runningshaugen-Wikstrand
Ingrid Medgard Haugen
Marisa-Agnethe Moholt Kolsrud
Nathaniel Amundsen
Sofie Etterlid Baklien
Torkel Kind Kvelprud
Caroline Åsheim Korsgård
Giovanni Dallo
Knut Nedrestøl Skredderberget
Mats Veslegard
Nicholai Bakken
Ronja Jordet Ropstad
Signe Haug Koksvik
Signe Seterdal
Tobias Jordet Ropstad
Vetle Johnsrud Brattegard

BUK 20. juni

Det blir BUK-dag for 1.-4. klassingar fredag 20. juni mellom klokka 09.00 og 15.00. Me vil ha base i Ål kyrkje og på Ål bygdamuseum.

Sjå informasjon og påmelding på www.aal.kyrkja.no

Stor jubileumsfest for 100-åring

Spenningsa var stor laurdag 15. mars. Vi hadde laga til fest på Vats Bedehus for å feire at foreininga vår fylte 100 år denne dagen.

Vi hadde ikkje trengt å uroe oss! Det viste seg at alle plassar og vel så det var fylt opp når vi ynskte velkommen frå den ærverdige talarstolen i «storsalen».

«Vårvon kristelege ungdomslag» vart stifta 15. mars 1925. Tanken var sådd etter eit bønemøte hjå Birgit og Embrik Espegard i Leveld. Alle-reie fyrste året var medlemstalet komen opp i 56. Greitt å betale ei krone i årskontingent og sleppe den lange vegen til Sundre og Sando for å delta på kristelege samlingar.

Song og musikk har fylgt Vårvon frå fyrste stund og jammen så fekk vi høyre «Vårvonmusikken» på festen med feiande bedehustonar. Som seg hør og bør, var det historikk, prolog, helsingar og mykje god mat. Hovudtalar på festen var regionleiar i Vestfold og Buskerud Normisjon Svein-Tony Gårdsø. Han heldt og preika i Gudstenesta i Leveld kyrkje søndag same helga.

Ingen kan vurdera høgt nok verdien av å ha ei aktiv kristen foreining i ei bygd. Tenk på alt Guds ord som har vore sådd ut desse 100 åra, gjennom tale og song! Og alle bønner som har vore bedt for bygda og landet! Takk til alle som var med oss denne helga. Takk til Ål kommune, Ål normisjon og alle andre for raus jubileumsgåve.

Inger Elise Kaslegard



Foto: Svein-Tony Gårdsø



Foto: Inger Elise Kaslegard

Namna minnelund på Ål kyrkjegard

Minnelunden på Ål kyrkjegard er ferdig opparbeid og dei fyrste urnene vart sett ned der før snøen kom i vinter. Namneplater som skal stå på muren med namna på dei som er gravlagt der, er bestilt for ei tid attende, men ikkje kome på plass enno. Vi reknar med at dette skjer i nær framtid.

Ein namna minnelund er eit gravfelt der det blir sett ned urner. Til forskjell frå ei urnegrav så er det ikkje gravminne knytta til den enkelte grav i minnelunden, men eit felles minnesmerke. På Ål er dette to steinmurar der der

plater med namna til dei gravlagte, vil koma opp på denne veggen. Det er noko planter ved minnelunden og det er fellesrådet som er ansvarleg for stell av plantene rundt minnesmerket. Det vil også bli sett ned blomstervassar i jorda ved minnesmerke som det er mogleg for dei som ynskjer å setja blomster i.

Det vil bli ei offisiell opning av minnelunden på seinsommaren. Følg med i Hallingdølen og på nettsida til kyrkja for dato og møt gjerne opp på opninga.

Anne Gerd Jorde

Vatning på kyrkjegarden i Leveld

Leveld bygdekvinnelag vil også i år ordne med vatning på kyrkjegarden i Leveld. Vatninga startar 26. mai og held fram ut august. Det blir ikkje kravt betaling, men dei som vil kan sende ein liten sum til konto nr:

2320 20 60439